



## Notat

Dato: 09.03.2015  
Arkivsak: 2015/2999-1  
Saksbehandlar: ingskog

---

Til: Fylkesutvalget

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Status næringshagar i Hordaland februar 2015

### Bakgrunn

Våren 2011 lanserte Selskapet for Industrivekst SF (Siva) nytt Næringshageprogram 2011- 2020. I Næringshageprogrammet vert det lagt vekt på at innovasjon og nyskaping skal fremja kompetanseutvikling og nettverksutvikling retta mot nasjonale og internasjonale bedrifts- og kunnskapsmiljø. Føremålet er å auka næringshagane sin attraktivitet for høgt utdanna menneske, samt styrke næringshagemiljøet si evne som lokalt nettverkssenter og pådrivar for kunnskapsbedrifter i regionen.

I det nye Næringshageprogrammet fekk fylkeskommunen ein styrka posisjon, både som programeigar saman med kommunal- og regionaldepartementet, og som part med medråderett i utveljing av kva næringshagemiljø i fylket som skal takast opp i programmet. Næringshageprogrammet skal vera eit av fylkeskommunen sine verktøy for samfunnsutvikling og regional utvikling.

På bakgrunn av det nye Næringshageprogrammet og den styrka rolla til fylkeskommunen, vart det laga ein strategi rundt Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med næringshagar. Strategien, Næringshagar i Hordaland – strategi Hordaland fylkeskommune, vart vedteke i fylkesutvalet 13.10.2011. I strategien vart det teke stilling til viktige faktorar i forhold til kva rolle fylkeskommunen skal innehava. Det vart gjort avklaringar rundt regionale planverk, eigarskap, styring og oppfølging, regional partnarskap, kor mange næringshagar og geografisk spreieing i fylket, finansiering av næringshagane og handsaming av søknadar. Eit mål i strategien er å jobbe for å få fem næringshagar inn i det nasjonale Næringshageprogrammet. Som ei del av strategien har fylkeskommunen forplikta seg til ei støtte på kr 300.000 pr næringshage pr år så lenge næringshagen er med i Næringshageprogrammet. Som ein del av det nasjonale Næringshageprogrammet skal dei næringshagane som er med bli evaluert kvart tredje år mellom anna med sikte på å vurdere vidare deltaking i programmet. Pr no er tre næringshagar i Hordaland med i det nasjonale programmet. Nordhordland Næringshage kom med i 2012, Næringshagen på Voss og Gulen og Masfjorden Næringshage kom med i 2013.

### Næringshagar i Hordaland

Til no har tre næringshagar i Hordaland kome med i det Næringshageprogrammet 2011- 2020 og er etablert og i dagleg drift; Nordhordland Næringshage AS, Næringshagen på Voss AS og Gulen og Masfjorden Næringshage AS. Pr januar 2015 har Kvam Næringsråd søkt om å etablira Næringshagen i Hardanger. Det har også vore initiativ på gang i Odda og i Etne. Opptak i det Næringshageprogrammet er gjort ved administrativ sakshandsaming i næringsseksjonen Hordaland fylkeskommune, medan det er Siva som formelt fattar vedtak om opptak i programmet.

## **Nordhordland Næringshage AS**

Nordhordland Næringshage AS vart teke opp i det nye Næringshageprogrammet frå 2012, og hadde offisiell opning 9. august 2012. Næringshagen satsar innanfor kultur, opplevings- og reiselivsbaserete næringer. Næringshagen har kontor i Mastrevik Torg i Austrheim. Det er planar om at Nordhordland Næringshage skal opne ei avdeling Solund, i starten var det eit delprosjekt som arbeidde med dette, men fordi prosjektleiarene flytta og fordi det no blir arbeidd med ein strategisk næringsplan for HAFS-kommunane (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund) er dette prosjektet sett på vent. Det er identifisert eit samlokalisert næringsmiljø som potensielt kan gå inn som node i næringshagen. Etablering av ein slik node er støtta av Hordaland fylkeskommune sin strategi om å satsa på nodestruktur. Næringshagen får ei årleg tilsegn på kr 300 000,- frå Handlingsprogram for næring (HNH).

Næringshagen har i dag 16 målbedrifter og 20 medlemsbedrifter og i Handlingsplanen for 2015 har dei eit mål om å auke til 19 målbedrifter. Evalueringa som Siva og fylkeskommunen gjennomført hausten 2014 viser at aktiviteten i Nordhordland Næringshage er tilfredsstillande og i tråd med krava i næringshageprogrammet.

I tillegg til næringshagen støtter også Siva og fylkeskommunen inkubatoren Industriutvikling Vest i same område. Fylkesrådmannen vil ta kontakt med Siva og dei to aktørane for å få ei nærmare avklaring av moglegheitane for ein betre og meir samordna ressursutnytting i området.

## **Næringshagen på Voss AS**

Næringshagen på Voss AS vart teke opp i det næringshageprogrammet frå 2013, og vart offisielt opna 22. mars 2013. Næringshagen har definert tre næringssegment; byggjebedrifter, matproduserande og serverande bedrifter, og innovative bedrifter innan energi, ingeniør, teknologi/IT og kust/industrielt design. Men hovudmerksemda er å hjelpe bedrifter med eit vekstpotensial uavhengig av næringssegment.

Næringshagen er lokalisert i på Tvildemoen.

Det har tidlegare vore fleire forsøk på å få etablert næringshage på Voss, men det første ikkje fram til opptak i næringshageprogrammet. Det at ein i 2013 kunne opne Næringshagen på Voss er eit resultat av godt samarbeid mellom miljøet på Voss, Siva og Hordaland fylkeskommune. Næringshagen får eit årleg tilsegn på kr 300 000,- frå HNH.

Det vart tilsett dagleg leiar på slutten av 2013, 2014 er difor fyrste året med full drift. Næringshagen har i dag 45 medlemsbedrifter (av dei 30 målbedrifter) og i handlingsplanen for 2015 har dei eit mål om å vekse til 60 medlemsbedrifter. Næringshagen arrangerer seminar på tema som er etterspurt av målbedriftene, i 2014 er det gjennomført 11 seminar, med tilsaman 330 deltakarar frå 90 bedrifter, her er deltakarane tilført kompetanse som er etterspurt av målbedriftene. Andre aktivitetar er forretningsmessig rådgjeving, nettverkssamlingar og grunderhjelp.

Dei har nettopp gjennomført ein retta emisjon og i tillegg til Sparebanken Vest har dei fått med Voss Sparebank og Vekselbanken på eigarsida. Kvar av dei tre bankane eit 17,86% av aksjane.

Evalueringa som Siva og fylkeskommunen gjennomført hausten 2014 viser at aktiviteten gjer Næringshagen på Voss kvalifisert til å delta i næringshageprogrammet. «Næringshagen har vært igjennom en stor snuoperasjon og framstår som svært godt rusta med nødvendig kompetanse til å ta ytterligare steg framover for å auke aktiviteten og sin relevans.»

## **Gulen og Masfjorden Næringshage AS**

Gulen og Masfjorden Næringshagen vart teke opp i det nye Næringshageprogrammet frå 2013, og vart offisielt opna i 2013. Næringshagen satsar innanfor industri, service og havbruk. Næringshagen flytta på slutten av 2014 inn i nye lokale i næringsbygget Vidsyn i Sløvåg. Der inngår dei ei kontorfellesskap med fleire av medlemsbedriftene sine. I 2014 har dei hatt ein dagleg leiar i ein midlertidig stilling. Hausten 2014 vart stillinga lyst ut og ny dagleg leiar er på plass frå 1.1.2015. Næringshagen kryssar fylkesgrensa og mottar finansiering både frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Hordaland Fylkeskommune.

Næringshagen får eit årleg tilsegn på kr 150 000,- frå HNH.

Næringshagen har i dag 5 målbedrifter og medlemsbedrifter og i Handlingsplanen for 2015 har dei eit mål om å vekse til 10 målbedrifter. Arbeid med etablering av eit kontorfellesskap har tatt mye tid i 2014 saman med etablering av rutinar rundt oppfølging av målbedriftene.

Etter planen skal det etablerast ein node i Matre, denne er ikkje på plass enda. Dei har tilgang til kontorlokale for ei samlokalisering, men ønskjer at minst tre bedrifter skal etablerast i noden for å lage eit miljø rundt verksemldene. Næringshagen har eit ønske om å få noden etablert i fyrste halvår 2015 og er i dialog med fleire aktørar.

### **Hardanger Næringshage**

Hordaland Fylkeskommune og Siva har i januar 2015 mottatt søknad frå Kvam Næringsråd om etablering av Næringshagen i Hardanger. Denne har nedslagsfelt i dei fleste Hardangerkommunane, og vil bli behandle i samråd med Siva.

Næringshagen i Hardanger AS er ifølge søknaden planlagt som ein regional næringshage med arbeidsområde i Kvam, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin. I Odda kommune vil vi etablira eit godt samarbeid med Næringshagen i Odda. Det er særleg behov for:

- Å styrkja næringsutviklinga i området gjennom samordning og samarbeid mellom bedrifter som har potensial for produktutvikling og auka verdiskaping.
- Satsa på nyetableringar, knoppskyting og entreprenørskap.
- Leggja til rette for kunnskapsbaserte arbeidsplassar som sikrar rekruttering av høgt kvalifisert arbeidskraft.
- Fremja deltaking i relevante næringsnettverk, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Å sikra og auka sysselsettinga i området.
- Å vera eit bindeledd mot næringslivet i Bergensregionen for Hardanger.
- Å ha eit tett samarbeid med næringsorganisasjonane i Hardanger.
- Kompetanseutvikling og høgskuleutdanning gjennom samarbeid med Stiftinga Høgskulen i Hardanger.

Satsingsområda som er omtalt i søknaden er Frukt- og bærdyrking, Kortreiset mat og Innovasjon/bruk av ny teknologi.

### **Næringshagen i Odda**

Næringshagen i Odda vart etablert hausten 2001 i eit samarbeid mellom Siva, Hordaland fylkeskommune og Odda kommune/Hardanger Vekst. I 2007 gjekk Næringshagen i Odda ut av det nasjonale næringshageprogrammet. Næringshagen ønska ein meir regional strategi som famna heile Hardangerregionen. Næringshagen i Odda sökte om opptak i det nye Næringshageprogrammet våren 2011 og igjen hausten 2011. Dei vart ikkje teke opp i programmet då. Dei har vore med i drøftingane om ein Næringshage i Hardanger, men har valt å ikkje gå inn i samarbeidet, verken som aksjeeigar eller som målbedrift.

### **Etne – Næringshage initiativ i Sunnhordland**

Etne Næringsutvikling har fått tilsegn på kr 80 000,- til forprosjekt «Næringshage i Sunnhordland». Prosjektet har ei overordna målsetjing om å etablera næringshagemiljø for Sunnhordland i Etne og Skånevik. Målet med forprosjektet er å utarbeide eit avgjerslegrunnlag for etableringa. Prosjektet vart avslutta hausten 2014. Prosjektet har kartlagt behov og potensiale. Dei har samla tilstrekkeleg interessentar til å fylle den private finansieringsdelen og kommunal finansiering er på plass. Fylkeskommunen er innstilt på å finansiere, medan Siva vil konsentrera ressursane om eksisterande klynger (Vindafjord) og oppmodar til å utgreie eit samarbeid med Næringshagen i nabokommunen Vindafjord. Dei arbeider no saman med Næringshagen i Vindafjord om eit felles konsept for Vindafjord og Etne.

### **Oppsummert**

Næringshagar i Hordaland – strategi Hordaland fylkeskommune seier at Hordaland fylkeskommune skal arbeida for å få inntil 5 gode næringshagar spreidd rundt i fylket i løpet av programperioden. Det skal

stimulerast til nodestruktur, og det er inga hindring med næringshagar på tvers av fylkesgrensene. Ved at tre næringshagar er etablert (Nordhordland, Voss og Gulen og Masfjorden), og eit fjerde miljø har levert søknad til Næringshageprogrammet (Hardanger) og Etne som er oppmoda til samarbeid over fylkesgrensene så har ein kome langt på veg i høve til strategien. Nordhordland Næringshage AS jobbar med å etablera nodestruktur, det same legg næringshagen i Gulen og Masfjorden opp til. Voss har fått vekst som utfordring frå Siva og ser då også over fylkesgrensa til Vik kommune der dei i samarbeid med Sogn Næringshage føl opp målbedrifter. At samarbeid går over fylkesgrensa til Sogn og Fjordane er uproblematisk og samarbeidet med andre næringshagar er med på å styrke næringshagemiljøet. Prosessen i Etne har ført til at ein vurderer etablering over fylkesgrensa til Rogaland. Det er dermed ei god spreiing av næringshagar i heile fylket.

### Eigarskap og styring

Fylkeskommunen har ikkje gått inn som eigar i nokon av dei etablerte næringshagane i fylket. Det er førebels ikkje kome noko førespørjing om det kan vera aktuelt å gå inn som eigar i nokon av prosjekta. Hordaland fylkeskommene har ein representant frå næringsseksjonen med som observatør i styret til næringshagane. Dette er sett som eit vilkår i tilseigna som vert gitt. Ein observatørpost i styret gjer at representanten deltek på styremøte, har tale- og forslagsrett, og dermed får eit godt innblikk i det arbeidet som næringshagen gjer i det daglege, med tanke på aktivitetar, økonomi, og målsetjingar. Det er på denne måten òg mogleg å komma med innspel og faglege råd, samt erfaringsoverføring frå dei ulike næringshagane.

### Oppfølging

Fylkeskommunen er den regionale oppfølgingsaktøren av næringshagane saman med Siva. Oppfølginga av næringshagane som er teke opp i det nasjonaleprogrammet skal skje i forhold til regionale målsetjingar og intensjonar i programmet. Siva set sine krav med omsyn til årleg rapportering. Hordaland fylkeskommunen krev årleg rapportering ut i frå tilseigna som er gjeve. Tilseigna til næringshagane inneholder vilkår som vil seia at utbetaling skjer årleg akonto, etter at Næringshagen har sendt inn godkjent årsrapport og årsregnskap for året før og godkjent handlingsplan for inneverande år. Rapporten må då vera ut i frå dei mål som er sett for næringshagen. Det er ikkje lagt opp til noko utfyllande rapportering på toppen av det Siva krev og det vilkåra for HNH tilsegn set. Næringshagane bør fokusera på å gjera eit godt arbeid i det daglege, og ikkje stadige rapporteringskrav.

### Regional partnarskap

I næringshageprogrammet vart det lagt opp til at fylkeskommunen hadde ansvar for å oppretta eit regionalt programråd som skal arbeida på fylkesnivå. Deltakarar i eit slikt råd skulle vere Siva, fylkeskommunen, Innovasjon Norge, og representantar frå miljøet/regionråd. Forumet skulle ha fokus på følgjande område:

- Innretting og utvikling av regionen sine næringshagar
- Årleg vurdering av resultatoppnåing og rapportering
- Årlege aktivitets- og handlingsplanar
- Næringshagane sin totale økonomi
- Regional koordinering av nasjonale prosjekt og satsingar knytt til nærings-/samfunnsutvikling.

I dialog med Siva ser ein at mange fylkeskommunar har vald å ikkje sette ned eit slikt råd på grunn av manglande behov og konkrete saker, eller at ein har funne andre måtar å dekke behovet på. Siva meiner dei har god nok kontakt med fylkeskommunane utan oppretting av eit programråd. Siva rådde heller til å nytte eksisterande strukturar for å ha kontakt med og rádføre seg med innovasjonsmiljøet i fylket. I Trøndelagsfylka nyttar ein til dømes arenaen Innovasjonsteam Trøndelag til dette formålet. Siva rådde oss til å nytte INUNET, nettverket av næringshagar, inkubatorar, Innovasjon Norge og fylkeskommunen her i Hordaland. Dette er eit svært aktivt nettverk, som søker kompetanseheving saman, deler kunnskap, og har oppretta andre prosjekt saman som til dømes Kvinnovasjon (2009-2013).

Dette betyr at behovet som er identifisert i næringshageprogrammet har endra seg, men at ein likevel må sikre gode arenaer for kommunikasjon og kontakt mellom Siva og fylkeskommunen, og til innovasjonsmiljøa i fylket. INUNET fungerer som arena for kommunikasjon til innovasjonsmiljøa i fylket (næringshagar, inkubatorar, Innovasjon Norge), men ein har ikkje funne ein god arena for dialog mellom Siva og fylkeskommunen om dei tema rundt utvikling av næringshagar, resultatoppnåing og økonomi.

### **Planverk**

I Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017, vert det lagt vekt på å ha eit godt inkubator- og næringshagetilbod til etablerarar i heile fylket. Samarbeid og tilgang til nettverk, samt å skape fleire innovative næringsmiljø er òg prioritert i den nye næringsplanen. Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland skal vere handlingsprogrammet til den regionale næringsplanen. I 2015 skal det satsast vidare på å jobbe for målet med å få inntil 5 gode næringshagar spreidd rundt i fylket i løpet av programperioden for det nye Næringshageprogrammet.

### **Samarbeid med Siva**

Vurdering om opptak av næringshagar i Hordaland i det nye Næringshageprogrammet er gjort i samarbeid mellom Siva og Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen har hatt fokus på regionale planverk, medan Siva har hatt fokus på dei nasjonale krava programmet set. Hausten 2014 vart det underskrive samarbeidsavtaler mellom Siva, fylkeskommunen og kvar næringshage. Denne set føringar for samarbeidet. Avtalane var for perioden 2011-2014 og ny avtale må inngåast i 2015.

Elles går dialogen via telefon, e-post, videokonferansar og møter. Samarbeidet går godt, men det er ei utfordring at alle partar vert fullt oppdatert når det skjer noko nytt i høve til den enkelte næringshage og programmet. Vi har heller ikkje funne ein arena for felles utviklingssamtalane mellom Siva og fylkeskommunen på tvers av næringshagar. Dette er noe vi vil ta initiativ til å betre i 2015. I den grad denne dialogen skjer er det i styremøta til næringshagane, og ikkje på tvers av næringshagane.

### **Vidare arbeid**

Ein har kome langt på veg når det gjeld å følgja opp strategien som vart laga i samband med at Siva lanserte det nye Næringshageprogrammet i 2011. 3 næringshagar er til no med i Næringshageprogrammet 2011-2020, medan 2 miljø er i prosess (Hardanger og Etne). Næringshagane er skrive inn i det regionale planverket og HNH, og arbeidet vidare er dermed planfesta, og vil verta sett fokus på i åra framover.